

Litt tekstilhistorie frå Nord-Østerdalen

Av Torbjørg Gauslaa

Kiersti Halvorsdatter Røe, Vingelen, var namnet på ei bandveverske av dei sjeldne som levde frå 1794 til 1880. Vi veit ikkje så mykje om ho, men ho har leti etter seg fleire fine ting, fyrst og fremst eit stort teppe sett saman av vevde band i eit stort antall. Teppet inneheld både namn og årstall på veverska og eit lite skjemterim. Dette åkleet har ført til at det har kome fram fleire liknande ting, særleg puter, sydd saman av vevde band. I arbeidet med å finne fram til fleire opplysningar om Kiersti Halvorsdatter Røe har eg også kome over mykje anna interessant som eg vil skrive litt om denne gongen. Seinare skal dere få vita meir om Kiersti.

Det var Kierstis band og opplysningar om desse i Østerdølen og lokalsendinga i juli -79 som fekk Kirsti Åstrøen på Vingelsåsen i Tolga til å tenke på korleis det fine bandet etter faster-Ingeborg Simensdatter f. 1861 - d. 1946 - kunne vere laga.

Dette er eit band som er 5,30 m langt + 18 cm lange frynser/dusker i kvar ende, 5,5 cm breidt. Materialet er handspunne 2-lagt rødt og svart ullgarn.

Teknikken i bandet kjende eg att frå Flesberg-vanten - Flesberg i Numedal. Vantene er svarte og har mønster i rødt, gult, blått og grønt.

Teknikken er hekling: *Fastmaske i bakre ledd* - 11 rekker frå høgre til venstre - 5,30 m lange. Den tråden/fargen som ikkje er i bruk - ligg bakom og heklast inn i bandet på vranga.

Bandet er serskild fint laga, - ikkje brukt/slitt.

I mars i år - 1981 - «møtte» eg eit make band. Like langt, like breidt, same teknikk men litt lausere hekla, 9 rekker. Begge banda er hekla i naturkvitt og svart 2-lagt ullgarn, og så farga

røde etter at dei er ferdig montert. (Det svarte er framleis svart - det kvite blir rødt). Det kvite syns *under* viklinga på «halsen» på frynse-duskene.

I dette bandet er det hekla inn: *Emret 1880* i eine enden og *EHSN* i andre enden, (elles mønster), det står for Emret Halstensen Nyvoll. Eigar: Anne Nyvoll, Narbuvoll i Os. Petter Nyvoll i Tufsingdalen kunne fortelle at dette var farens *muddband*. - Faren var 17 år gamal da han fekk muddbandet i 1880.

Med same vi held på med denne heklinga, så må vi ta med dei to tobakkpungene som i mars -81 prydde gangveggen hjå Karen Sønør i Øversjødalen i Tolga.

Det er 2 mannfolk-tobakksponger - begge fine, særlig den største. Den største har snorer laga av (menneske-)hår, same teknikk som rokkesnorene i Vingelen/Tolga, dei som er laga med slyngestokkar. (Se artikkel om Rokkesnorer og Astrid Vingelsgård i Norsk Husflid nr. 5 - 1979)

Fra bare å kjenne denne hekemåten med mønster/fleire farger frå Flesberg, så veit vi nå at dette og er brukt i Tolga og Os, altså både i Numedal og Østerdal. (Teknikken er «halvsøsken» med kjedemaskehekling/«pjonning» i bakre ledd.)

Men vi var ikkje ferdige med *muddbanda*.

Da eg i vinter hadde om sprang/bregding m.m. i husflidslaga i Engerdal og Tolga, kom det fram fleire muddband.


Selma og Johannes Sæther i Tufsingdalen har eit 4,9 m langt muddband, 7-8 cm lange frynse-/dusker, 108 renningstråder. I dette bandet går teknikken/bindinga over/under 5 rennings-trådar. Tynt 2-lagt ullgarn i grønt, blårødt, grått og svart + 6 trådar dobbelslått bomullsgarn nr. 12/6 i kvar side.

Bandet er laga i 2 arbeidsomganger - den eine er 2,67 m, den andre er 2,19 m - «Spranget» er gjort nesten saman, og så er det i «møtet» stoppe litt ut og inn i renningstrådene.

Karen Sønør i Øversjødalen har eit 4,03 m langt muddband, 4-5 cm lange frynser, 112 renningstrådar.

Her går teknikken/bindinga over/under 3 renningstrådar. Tjukt 2-lagt ullgarn, i rødt, blågrønt (falma) sauesvart og 6-lagt dobbelslått bomullgarn.

Midtpartiet på bandet har same mønster som i «Husband» i Rendalen, laga av Magnhild Haugseth Fonås i Elvål i 1965. Dette muddbandet er gjort i ein arbeidsomgang, det har 8-9 cm ope felt i «møtet» og «spranget» er stoppa ved at den eine halvdel



Muddband, hekking - fastmaske i bakre ledd. Det venstre fra Åstroen, det høgre frå Nyvoll.

Detalj - mønster og tekst.

av bandet er tredd gjennom/treidd inn mellom for- og bakskillet.

Banda er omlag 9-10 cm. breie.

Dette er 4 av dei 5 muddbanda eg har sett i Nord-Østerdal. Det 5. er eit 4 meter langt, 15 cm breidt muddband i patentstrikking med 3-lagt rødt ullgarn. Det har 15 «maske»-rader og har hatt 3 dusker i tvinna snor i kvar ende.

Eigar: Anders Ellefsplass, Øversjødalen.

Når banda får denne breidda - ville dei i Gudbrandsdalen/Oppland vera kalla for skjerv - *pelsskjerf*.

Frå Biri i Gjøvik kjenner vi eit strikka pelsskjerf i «fiskebeinstrikking»/«kryssstriking» i rødt 1-tråda ullgarn, sydd saman som «hoselegg». Det er avklipt, måler nå 2,82 meter og er 15-16 cm breidt (31 cm i enkel bredde). Frynser i enden.

Frå Fåberg i Lillehammer er eit 5,43 m langt, 18-20 cm breitt pelsskjerf i patentstrikking - 29 «aske»-rader (opplegg 58 masker). Skjerfet er strikka i 3-lagt hardt venstre-tvinna kvitt ullgarn, (hard høgre snu), farga rødt etter at det er ferdig montert, med 18 cm lange frynser i kvar ende. Frynsene er tredd gjennom sentrum av ei innhol kule. Kulene har om lag 2 cm i indre diameter og 3,5 cm i ytre mål, dei er «trekt» med eit «nett» i hekking. Kulene danner ein fin overgang frå skjerfet til frynsene.

Frå Gausdal og Øyer kjenner vi to røde pesskjerf i 3-lagt hardt venstre-tvinna ullgarn i sprang over/under 2 renningstråder. Begge er laga i naturkvitt ullgarn og farga røde etter monteringa, garnet er same type som i Fåberg-skjerfet.

Gausdal-skjerfet er 4,10 m med frynsene omlag 4,45 m langt. 168 tråder, «normal» bredde omlag 19 cm.

«Møtet» i «spranget» er delt på midten - og det er dette som danner frynsene med «hals». «Halsen» er tett vikling rundt renningstrådane der sprangen slutter. Gjennom bruktene i oppsettingsendene er det tredd ein 9-lagt ulltråd fram og attende og festa i eine sida. Det er tredd vekselvis i ei løkke frå kvar halvdel av arbeidet.


Øyer-skjerfet er 4,45 m - med påsette frynser/snorer - omlag 4,75 m langt. 197 tråder, «normal» bredde omlag 22 cm. Dette er halvparten av arbeidet, og skjerfet må ha «ein tvilling» ein stad!

I eine enden er det vikla over buktene, i andre enden over trådendene til «hals/hode» under frynsene. Ovafor «halsen» er det vikla rundt skjerfenden mange ganger - til ring - og over denne ringen er det sydd tette kasteting, festa nedi skjerfet.

Frynsene - omlag 90-15 cm lange - i kvar ende, er laga som frynser/løkker på eit «band» med slindring med 2 løkker (Jultråddokkene til Nanfrid Nordmoen, Fåset i Tynset, er slindring med 5, se Norsk Husflid nr. 6 - 1972). «Bandet» er sydd på rundt «halsen» under ringen. Frynsegarnet er det same som renningsgarnet - men 3 3-lagte tråder ekstra hardt tvinna er brukt som dobbelt innslag i slindringa): Bukta av garnet er i eine sida av «bandet» lagt om ein 18-20 cm brei kavle. Når kavlen seinare blir tatt bort vil kvar løkke (på grunn av den harde tvinnen) danne/tvinne seg til ei tvinna snor.

Nokre mindre band enn desse muddbanda og pelsskjerfa i sprang er «Husuband» i sprang.

*Tobakkspungene frå Sømmør,
fastmaske i bakre ledd.*




Ein bandtype og teknikk som var mykje bruka i Østerdalen - i alle fall frå Rendalen og nordover til Tolga og Os. I dette distriktet finst og att fleire bandstenger.

Borgfrid Solum i Ytre Rendal fortalde i sommar at ho som 10-åring (i 1914) lærde av mor si, Marit Solum, f. Kvernes 1880-1974, å lage sokkeband/husuband på bandstang. B. S. tok det opp att seinare, i 1927 i Sogn og heime i Rendalen etter 1966.

Bandstanga på Norstu Lomnes er 2,27 meter lang, 9 cm brei og 2,5 cm tjukk. I eine enden 4 hol med 7-8 cm avstand, i andre enden 17,5 cm lang opning med treskrue m/kloss på. Klossen skrues innover og slakkar renninga etter som arbeidet går fram. Renninga er i denne enden festa rundt jernspikeren i klossen, i andre enden rundt pinnen i holet. Etter val av hol kan renningslengda variere med 25 cm. (Glomdalsmuseet har ei slik stang, ho er ført inn som renneborn).

Både på eit gammalt band Borgfrid Solum har og på husubanda Magnhild Haugseth Fonås laga på bandstanga si i 1965 (til kon-toret), går bindinga over/under 3 renningstrådar.




Kniplepinnar brukt som slyngestokkar for å lage snor av hår - det er brukt meir hår i snora til høger, -nylaga (T. G.).

Det gjør det og på band som Ragnhild Åbjørsbråten i Åbjøra i Nord Aurdal, Valdres, har laga. Ho lærde av mormor, Gunhild Fugllien f. Døhlehuset. Ragnhild og søstera Bergljot - ho lærde av mor - kaller banda for «band uta veft»/Sokkeband» og laga/lagar dei mellom sengestolpane på 2 senger. Borgfrid Solum har og brukt sengestolpane som bandstang.

Anna Nyvoll ville gjerne lære sprang. Da eg i vinter var i Tufsingdalen, oppdaga ho at ho kunne det frå frå før, men det hadde eit anna namn - *pinning*. Det er eit naturleg namn, ein setter pinner inn i arbeidet for å halde på skillet frå omgang til omgang. (B.S. minnes at dei brukte fyrstikker til å halde skillet med.) Anna Nyvoll hugsar bandstanga heime.


Svenskene kallar slike band for pinnband, finnene for veggband - dei satte pinner i veggen- og det var bandstanga. 4H-erne hos oss kaller det for spikerband- dei slo spiker i ei trefjøl.

Helen Engelstad nemner det i «Refil Bunad Tjeld» 1952, side 51 under emne «Spraglete bånd»: --«hos oss kjennes betegnelsen



*Detalj av muddband i sprang/bregding/pinning.
Det venstre frå Sønør, det høgre frå Sæther.*

Detalj - viser «møtene» i muddbanda frå Sønør og Sæther.



«Spranget i båndstang» fra Ytre Rendalen, men teknikken er brukt mange steder i landet.»

I dei 4 muddbanda - pelsskjerfa eg har registrert er materialet i ferdig arbeidslengde:

2 stykker laga i ein arbeidsomgang:

$394 + 9 + 9 = 412$ cm - band-Sønmør,

$410 + 35 = 445$ cm - skjerf - Gausdal.

1 stykke laga i to arbeidsomgang:

$267 + 4 + 2,5 +$

$219 + 1 + 2 = 495$ cm - band-Sæther.

1 stykke laga i halv arbeidsomgang:

$446 + 11 = 457$ cm - skjerf - Øyer.


Til muddbandet frå Sæther kan det vera brukt ei litt lang bandstang, det er gjort i 2 arbeidsomganger - $2,73$ m + $2,22$ m + svinn. Men muddbandet frå Sønmør $4,12$ m og pelsskjerfet frå Gausdal $4,45$ m må ha hatt ein reidskap på omlag 5 meter.

Pelsskjerfet frå Øyer $4,57$ m og det er avklipt i arbeidslengda - i «møtet», slik at det er ein tilsvarande del - ein «tvilling - omlag like lang. (det er ikkje alltid bindinga blir like tett/fast i begge halvdelar - og da blir heller ikkje «halvdelen» like lange - «møtet» blir ikkje midt på renningslengda.)

I 1927 da Borgfrid Solum tok opp at banda - for Heiberg i Sogn, - der ho var guvernante, fekk han den andre bandstanga dei hadde heime på Norstu Lomnes, kjøpt på auksjon etter Berthe Nilsdatter Granerud, gift Bakken, død 1924.


Ho Berthe var og flink til å veve «plukka band» (band med 2 mellomtrådar - her 11 mønstertrådar). Borgfrid og dei 2 yngre søstrene som var født før 1910 fekk «Stuttband» Borgfrid hugsar mor sa at ho måtte få Berthe til å veve band til jentene før jo vart for gamal. Den yngste av søstrene var 3 år gamal då ho fekk stuttband i 1910. På Borgfrids band, $2,25$ m langt, $2,2$ cm bredt, er innvevd 1910 og IBS - (Ingeborg Borgfrid Solum). Berthe vevde og band til farmor - Berthe Solum f. Lomnes 1847, d. 1926. - Dette har bokstavene B.S. og årstalet 1910, og dette bandet er velbrukt. $2,12$ m langt.

Stuttband - «til å stutte opp skjørtet med» fortel Borgfrid Solum. - Skjørtelengda krøp oppover leggen etter kvart - så småjentene som fekk stuttband i 1910 fekk aldri bruk for banda sine til stuttband!



Venstre ende av bandstanga frå Norstu Lomnes.

Høgre ende av bandstanga frå Norstu Lomnes.



Stuttband - stutta opp skjørtet - kva kjem så uttrykket *opp-skjørta* av? Uttrykket oppskjørta er vel gammalt - sjølv om det inneheld ei anna mening i dag enn før! --

Og muddbanda/pelsskjerfa hadde og ein hensikt - det skulle holde den store mudden/kjørepelsen og -kragen inntil hovud og kropp.

Mudden var den daglege køyrepelsen, og var av saueskind. Ulv-, hund-, rein- ob bjørneskindspels vart oftast kalla pels og ikkje mudd.

Både mudd og pels var i bruk innpå 30- og 40-talet - så lenge ein kørde med hest.

Embret Eggen o.a. fortel at brudgommen fekk *muddband 2*. bryllupsdag - da hadde kona fått svartlua på.

Selma Sæther og Embret Eggen fortel at når ein tok muddbandet på seg - tok ein det rundt halsen bakfra, snurra/vikla det om einannen ned til midja/livet, tok det bakom ryggen og fram att og knytta det i venstre side.

Petter Nyvoll minnes at bandet gjekk i kryss over bringa (det forteljast og frå Gudbrandsdalen) og hadde stor sløyfe i venstre side. (Før ein fekk lærknapper var bandet knytta i halsen.) Svein Wedum i Fåberg hugsar farfaren tok på seg pelsskjerfet (det i patentstrikking). Han tok midten på skjerfet, tok fatt lenger inne på skjerfet og slo ei løkke - denne tredde han over hovudet (bukta foran) og førde så endene fram att rundt halsen, elles som S.S. og E.E. fortel, men knytta foran i livet (ikkje i sida). Dette skjerfet (ulveskindspelsen) var i bruk til utpå 50-talet, brukere oldefar, farfar, far. Det er mange som hugsar kor staselege karene var når dei kom i mudden/pelsen og med dei fine muddbanda/pelsskjerfa på seg.

Dette er litt av det som «har kome med på kjøpet» under arbeidet med tekstilene/bandvevinga til Kiersti Halvorsdatter Røe.

Og her kjem eg med ei oppfordring til dykk alle - så vi får fram meir - og det er m.a. meir opplysningar om det som er nemnd her - både tekstiler og reidskap og bruk. Dessuten vevgrinder/vevspjeld med 2 hol i kvar tind/spil, gamle grinder med 1 el. 2 hol i tinda og med *gamal* renning/band i, trebrikker/spjeld/snåler i tre, og band vevd i trebrikker (frå Ytre Rendal kjenner ein hestetømmer, frå Tufsingdalen bukseseler), bandvevstoler (på Bygdetunet i Tyllidal er det ein) og sist - men



Borghild Solum med bandstanga frå foreldreheimen - Norstu Lomnes.

Foto T. G.

ikkje minst, fleire vevnader sett saman av band, enten det er Kiersti-vevnader eller ikkje.

Døme på ting er fellåkle, langputer/banddyner, belter, heile stykke eller biter - *alt* har interesse.

I dag kjenner vi eit fellåkle, 2 langputer og 2 langputetrekk, desse er registrert og analysert. Så veit vi om ei langpute, og i Tufsingdalen skal det vere eit langputetrekk - kven har det? og ein banddyne/langpute som var brukt som dåpspute frå Vestgård i Øversjødalen i 1920 - over dåpsbandet på kyrkjeveg. Er det nokon som veit noko meir om denne puta - eller som har ho?

Nord-Østerdal er eit rikt tekstil-distrikt - ikkje minst på bandas område - og bruken av band.

Ta ein titt på loftet/stabburet, i skuffer og skap og sjå etter tekstiler og reindskap. Mange av dykk har desse bitene i puslespillet, eller «orda i kryssorda», vi gjerne skulle fått kjennskap til.

Sei frå til konservatoren, Per Hvamstad, eller send nokre ord til meg - Torbjørn Gauslaa, Storgt. 108, 2600 Lillehammer.